


Ny kai på Bøkkerverkstaden

27.05.2007



Det blir ein imponerende kai ved bøkerverkstaden. (Foto: Kristian O. Bringedal)

Den nye kaien på Bøkkerverkstaden på Rød skal vera ferdig til Bøkkervelden 23. juni. Arbeidet vert gjort på dugnad. Leif Mange Framnes og Tor Ove Rød er arbeidsformenn. I tillegg utfører ei arbeidsgruppe frå Valen sjukehus ein del av arbeidet. Her er Atle Thoresen og Steinar Haugland leiarar.

Kaien er knappe 20 meter lang og litt over 4 meter brei. Dermed er det god plass til at gjestene kan få plass på langbord og benker.

Det har lenge vore eit ynskje å få kai på Rød. Dermed kan ein ta mot folk sjøvegen,- slik det var i eldre tid.



Full innsats

Det er overskot frå Bøkkerveldane som eg grunnlaget for å makta dette økonomisk. Det er likvel ikkje nok. Difor vil ein skaffa inntekter ved å leiga ut Bøkkerkstaden og kaien til blåturgrupper, personalgrupper, lag og organisasjonar. Uskedalen Trelastlager leverer materialane.

Tekst og foto: Kristian O. Bringedal.